

REGULERINGSFØRESEGNER

RV-7/13 HARDANGERBRUA ENDRINGAR I ULVIK HERAD Revidert 18/9-06

§ 1. GENERELT

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er markert med plangrense. I samsvar med § 25 i plan og bygningslova er areala regulert til følgjande formål

- 1.1 **Landbruksområde**
 - Jord – og skogbruk
- 1.2 **Offentleg trafikkområde**
 - Køyreveg
 - Gang-/sykkelveg
 - Anna trafikkareal
- 1.3 **Fareområde**
 - Rasfare
- 1.4 **Spesialområde**
 - Frisiktsone ved veg
 - Restriksjonsområde
 - Privat veg
- 1.5 **Kombinerte formål**
 - Jord- og skogbruk / Rigg
 - Jord- og skogbruk/ Anna veggrunn
 - Privat veg/ Rigg
 - Næring/ Rigg

§ 2. FELLESFØRESEGNER

- 2.1 Desse fellesføresegnene saman med plankartet gjeld innafør ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Ulvik herad.
- 2.2 Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen og/eller desse reguleringsføresegnene.
- 2.3 Etter at reguleringsplanen, med tilhøyrande reguleringsføresegner er stadfesta, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtaler som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegnene.
- 2.4 Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og gjennom vidare arbeid i anleggsfasen. Ulike prinsipp for utforming av det nye terrenget på ulike deponi, fyllingar m.v., krav til utforming av tekniske anlegg og revegetering, skal gå fram av planane. Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal utførast mest mogeleg forsiktig og med omtanke for terreng og

utsjånad. Noverande vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig som resten av veganlegget.

- 2.5 Riggareal for veganlegget skal opparbeidast innanfor området regulert til riggområde. Det kan også riggast mellombels i område regulert til køyreveg, gang-/sykkelveg og anna trafikkareal. Etter bruk, skal området som blir nytta til riggområdet opparbeidast og setjast i stand i samsvar med føresegnene i reguleringsplanen.

§ 3. LANDBRUKSOMRÅDE, JORD-/SKOGBRUK

Landbruksvegar inngår som del av området regulert til jord – og skogbruk. Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til førebels anleggsformål, er regulert til kombinertformål jord – og skogbruk/Rigg.

§ 4. OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

- 4.1 Trafikkområdet kan nyttast til:
- Køyreveg
 - Gang-/sykkelveg
 - Anna trafikkareal
- 4.2 Køyrevegane og gang-/sykkelvegane skal opparbeidast med den linjeføring og inndeling av dei respektive formål som er vist i planen.
- 4.3 Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar til riksveg 7/13 og fylkesveg 302 enn dei som er viste på plankartet. Avkøyrslene skal utformast og vedlikehaldas i samsvar med Statens vegvesen sine normalar og føresegner til Veglova § 43. Frisiktsoner er regulert til spesialområde (sjå pkt. 6).
- 4.4 I område for anna trafikkareal kan det gjerast terrenginngrep for å sikre naudsynt sikt. Det kan ikkje førast opp konstruksjonar eller anordningar i kryss eller langs veg som hindrar fri sikt etter veglova sine føresegner.
- 4.5 Køyrevegar og gang-/sykkelvegar skal opparbeidast med den linjeføring og inndeling av dei respektive formål som planen viser.
- 4.6 I område for offentlig trafikkområde, kan det førast opp bygningar og anlegg som er naudsynt for drift av vegsystemet

§ 5. FAREOMRÅDE

I området merka med F1, skal det om nødvendig etablerast rasmagasin og rasvoll. Rasvollen vert etablert med mur i bakkant planlagt busslomme. Tilkomst til rasmagasin kan gis via tilkomstveg til Vallaviktunet, som i denne plan er regulert til kombinasjonsformålet jord -og skogbruk/rigg.

§ 6. SPESIALOMRÅDE

- 6.1 I område mellom frisktlinja og offentleg køyreveg (frisiktsona) skal det være friskt over ei høgd på 0,5 meter over tilstøytande vegar sitt nivå.
- 6.2 Områder merka med R1, gjeld restriksjons tilhøve for tunnel, brufundament og bruforankring jf. tidlegare vedteken plan for Hardangerbrua, 2004. Tiltak i grunnen som på eitt eller anna vis kan gje uheldige verknader for vegtunnelen og brukonstruksjonen er ikkje tillate. Restriksjonane gjeld i eit 25 m breidt belte på kvar side av senterlinja i tunnel, og areal som ligg innanfor 60 m til alle side frå senter brutårn og forankringskammer, og 30 m ut i sjøen frå brufundamenta. Ved desse områda gjeld det sprengingsrestriksjonar.
- 6.3 Ved eigedom 81/1 er det etablert privat parkeringsplass ved Vallaviktunet.

§ 7. KOMBINERTE FORMÅL

- 7.1 Kombinerte formål omfattar:
 - Jord- og skogbruk / Rigg
 - Jord- og skogbruk / Anna veggrunn
 - Næring / Rigg, deponi
 - Privat veg/ Rigg
- 7.2 Etter at veganlegget er ferdig skal areala som har vært nytta til riggområde, opparbeidast og settast i stand i samsvar med føresegnene i reguleringsplanen.
- 7.3 Område avsett til Jord- og skogbruk/ Rigg kan under anleggsperioden nyttast til anleggsformål. Området merka med L1, skal etter at anleggsperioden opparbeidast til velteplass for tømmer. Området utgjer eit areal på om lag 20 x 12 m, og er planlagt på venstre side frå profil 250 til 270, langs landbruksvegen. Område merka K1 gjeld anleggsveg til spreiekammer, denne vert etter at anlegget er ferdigstilt landbruksveg innafor føremålet jord – og skogbruk. Vegen skal utbetrast/opprustast med bruk av naturstein og minst mogeleg fylling. Statens vegvesen skal også etter at anlegget er ferdigstilt ha tilkomst via denne vegen for inspeksjonar og drift/vedlikehald av spreiekammer.
- 7.4 Området regulert til rasmagasin, er gitt kombinasjonsformålet jord- og skogbruk / anna veggrunn. Dette gir tiltakshavar løyve til å bruke heile eller delar av området til anna vegareal. Arealet som etter anleggsperioden eventuelt ikkje vert nytte til dette formålet, går attende til jord- og skogbruksformål.
- 7.5 Næringsområdet i Smedavika kan nyttast til riggområde/deponi i anleggsperioden. Eigar av naust i Smedvika skal også ha vegrett under denne periode. Plastring mot sjø skal fylgja eksisterande sjøline på ein naturleg måte.